



KIS er no i ferd med å koma på plass i det tidlegare samyrkelagsbygget

Det landsomfattande selskapet KIS GRUPPEN (Kran og Industri Service) etablerer seg no med ein base i Uskedalen som i første omgang får tre ansatte.

Dei rykker inn i første etasje det tidlegare samyrkelagsbygget – i lokala der det sist var dyrebutikk. E&M Holding (Alf Eidsvik junior og Trond Myklebust) eig huset og no er det utleigd i sin heilheit etter renoveringa. Om ei veker tid startar bygginga av det nye huset nærare elva.

Ved KIS-avdelinga kan det bli ansatt ein til seinare, får uskedalen.no opplyst av Ronny Joa. Han bur i Rosendal og har hatt heimekontor for KIS i seks år. Joa presiserer at det den nye basen ikkje skal ha stasjonære ansatte, tekniskarane kjem stadig til å vera på farten rundt om i distriktet.

- Behovet for fire er allereie i høg grad til stades, seier Joa, som saman med Gunnar Fjellandsbø dekkjer området frå Fusa til Sauda. Fjellandsbø vart ansatt i oktober i fjor og no i november kjem nummer tre.

Det blir opplyst på heimesida at KIS på Vestlandet har avdelingar i Førde, Husnes, Kvinnherad og Stavanger og dekkjer området frå Måløy til Egersund. Men avdelinga i vår kommune har altså så langt i praksis vore eit heimekontor for ein person.

Kva er så KIS Gruppen? Dei fortel på heimesida si at dei er Noregs leiande aktør innan sakkyndig kontroll og vedlikehald av kranar og løfteutstyr og at dei leverer tenester både til landbasert verksemd og sjøfartsnæringa.

KIS har verkstader og avdelingskontor på dei sentrale industristadene langs kysten, er etablert på 21 stader og har no 175 ansatte. Dei omset for 200 millioner kroner og har avtalar om vedlikehald med 2.200 bedrifter. Arbeidsmengda er sterkt aukande.

Fram til 2.000 satsa KIS på land, men med etablering av KIS MARITIM vart verksemda utvida til også å omfatta den norske sjøfartsnæringa. Som eit supplement til servicetilbodet har selskapet også bygd ut KIS KOMPETANSE, som gjev eit komplett tilbod på all industriell opplæring.

Av Ola Matti Mathisen



KIS Gruppen er landsomfattande og har 165 tilsette.